

Kjekk og spennande tårnagent-helg.

13.03.2016



Klar for eit kjekt opplegg.

Det såg ut som både born og vaksne hadde det både kjekt og spennande under tårnagenthelga i kyrkja laurdag og søndag. Då eg var innom laurdag midt på dagen, var i alle fall engasjementet på topp. Deltakarane arbeidde svært koncentrert med oppgåvane dei hadde fått. Dei samarbeidde i grupper og skulle finna fram til bibelske skattar.



Edderkoppgruppa.

Det deltok 14 tårnagentar på samlinga. Desse kom fra Uskedalen og Herøysundet. Opplegget vart leia av Toril Langeland frå kyrkjekontoret, Svanhill Haugland og Nelly Kjærland. Dei hadde også med seg fem unge flinke leiarar. I tillegg hjelpte foreldre til med mat, og då eg var innom, var Saba, opphaveleg frå Eritrea, men no busett i Herøysundet, godt i gang med å varma pølser.

Alt då deltakarane kom inn i kyrkja, møtte dei første utfordringane. I nedre del av midtgangen måtte dei først gjennom eit nettverkshinder av tauverk og anna før dei skulle balansera på ein 'benk' samstundes som dei såg i kikkert feil veg. Det siste var i alle fall mykje vanskelegare enn ein kunne tru.

Alle måtte kryssa seg av på agentlista og få agentnummer før dei byrja. Deretter kunne dei gå i gang med agentjakta og løysa oppgåvene som altså gjekk ut på å finna fram til bibelske skattar. Til dette arbeidet hadde dei hjelp av Bibel, fingeravtrykk, forstørrelseglass og eit spesielt kodealfabet. Heile kyrkja vart brukt, og ekstra spennande, og kanskje litt skummelt, var det då deltakarane fekk gå ein og ein opp i klokketårnet på jakt etter edderkoppnett og edderkoppar. Då vart forstørrelsesglaset flittig brukt!

Tårnagenthelga var 4 timer laurdag, og så møtte tårnagentane to timer før gudstenesta søndag. På gudstenesta var dei svært flinke og hadde gode bidrag. Det var ei spennande og kjekk helg for deltakarane. I tillegg var det lærerikt!



Torill Langeland har samla ei gruppe tårnagentar rundt globen.



Elena utforskar edderkoppnettet i kyrkjetårnet.



Forstørrelsesglaset vart flittig brukt.



Turen i tårnet var spennande.



Meir spindelvevforskning.



Eit kjempe edderkoppnett!



Klokka i tårnet.



Travle tårnagentar treng mat! Pølsene smakte godt!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Nelly Kjærland